
Fra: Trude Langedal
Sendt: fredag 26. juni 2020 14:49
Til: Marianne Aadland Sandvik
Emne: 20/40841 Uttalesak GBNR 108/161, 392, 474 og 591 Lindås - Dispensasjon frå byggegrense

Plan og byggesak
Marianne Aadland Sandvik

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/10336 - 20/40841

Saksbehandlar:
Trude Langedal
trude.langedal@alver.kommune.no

Uttalesak GBNR 108/161, 392, 474 og 591 Lindås - Dispensasjon frå byggegrense

Eining for Plan og analyse har den 25.05.20 motteke dykkar førespurnad om planfagleg uttale. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå regulert byggegrense i samband med søknad om rammeløyve for etablering av ny hovudvassleidning frå Lindåshallen i Lindås og opp til Lindås gravplass(eigedom gbnr. 108/586).

Det går fram av søknaden at tiltaka vil vere nedgrav og ikkje synleg etter at arbeid er avslutta.

Planstatus


I oversendelsesbrevet til saka er det vist til at eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Riksveg 568 gjennom Lindås tettstad/planid.: 1263-199001 er avsett til utvidelse av grav og urnelund, vegareal, friområde og offentleg tenesteyting.

Området ligg innanfor kommunedelplan for Lindås(29019-2031) med planID 1263-201805. Ny hovudvassleidninga vil krysse den Trondhjemske postveg som ligg som omsynsone kulturmiljø i KPA, sjå plankart og føresegns 4.2.4.

Vi viser til pågående planarbeid for FV57 Lindås Mongstad GS-Veg



Utsnitt av kommunedelplan Lindås(2019-2031)



Føresegner knytt til den Trondhjemske postveg:

4.2.4. OMSYN KULTURMILJØ OG KULTURMINNER (H570)

Det er teke omsyn til kjente kulturminne og kulturmiljø ved lokalisering av nye arealformål. Det er lagt inn nokre kulturmiljø som omsynssone. Sona omfattar område med kulturminne og kulturmiljø av særskilt verdi, og som skal ivaretakast for framtida. Nye tiltak vil normalt ikkje kunne godkjennast innanfor sona utan særskilt handsaming.

Ved etablering av tiltak på eigedommar som ligg i omsynsona skal søknad sendast til fylkeskommunen for vurdering av kulturminneinteresser.

Eksisterande verneverdige kulturminne og kulturmiljø skal takast vare på og ikkje rivast. Ved utarbeiding av reguleringsplan eller søknad om løyve etter pbl. §§20-1 til 20-8 skal tiltaket skje på vernet sine premisser og innanfor kulturminne/miljøet si tolegrense for endring. Det gjeld særleg tilpassing til bygningane si plassering i tun eller terreng, utforming, hovudkonstruksjonar, takform, fasadar, materialbruk og fargebruk. Ved søknad om løyve til tiltak kan kommunen vurdere å gje mellombels forbod om tiltak. Søknad om løyve til tiltak skal innehalde ein arkitektonisk, kulturhistorisk og estetisk omtale som viser korleis tiltaket tek omsyn til verneføremålet.

a) Den Trondhjemiske postvei

Heile det historiske veganlegget *Den Trondhjemiske postvei* innanfor område H570 skal bevarast, dvs. vegbane og vegbreidde. Tiltak som kan gjøre skade på postvegen, endra vegen sin karakter eller som utilbørleg skjemmer kulturminnet er ikkje tillat med mindre det ligg føre løyve frå Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen.

Vurdering

Plan og analyse har ingen merknad til at det vert gjeve dispensasjon til byggjegrense langs veg som er fastsett i reguleringsplan. Vestland fylkeskommuner er vegmyndighet og er rette instans for å handsome søknaden.

Slik det går fram av søknaden vil tiltaket være nedgravd og ikkje synleg etter at arbeid er avslutta. For kryssing av omsynssone for den Trondhjemiske postveg må det føreligge løyve frå Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen slik det går fram av føresign 4.2.4 a) i KDP Lindås (2019-2031).

Med helsing
Alver kommune, Plan og analyse

Trude Langedal
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Plan og byggesak